

Kjærleiken si makt.

Kaptein Smith heitte ein av dei fyrste utvandrarar i Nordamerika. Han vart fanga av indianarane og dømd til dauden.

Dei hadde alt lyft klubbene sine og vilde drepa den dømde, som låg med hovudet på two steinar.

Då kom Pokahontas, dotteri åt hovdingen, fall ned for faren og bad um nåde.

Men hovdingen sitt hjarta var kaldt. Då kasta ho seg ned på jordi ved sida av mannen, tok hovudet hans i armane sine og la hovudet sitt på hans; ho vilde døy saman med honom, kunde ho ikkje berga honom.

Kjærleiken vann. Hovdingen kunde ikkje motstå lenger, men gav fangen livet.

Pokahontas vart seinare ein kristen, vistnok den fyrste av dei nordamerikanske indianarar.

Hennar dåp vert synt fram på eit fagert målarstykke i kapitol i Washington.

Olav den heilage og sun-dagen.

I Snorre Sturlasons Kongesogor fortelst um Olav den heilage. Etter han hadde fare yver Noreg og kristna landet, for han ein tur til Gardarike. Medan han var der, fortelst fylgjande um honom:

Det hende seg ein sundag, at kong Olav sat tilbords i høgsetet sitt og sat so i djupe tankar, at han ikkje ansa på tidi. Han hadde ein kniv i handi og ei stikke, som han spikka nokre spørnor av. Skutilsveinen stod framfyre han med ein mugge og såg kva kongen gjorde og då sky-na han, at han sat i andre tankar.

«Det er måndag i morgo, herre konge,» sa han.

Kongen såg på han, då han hørde dette, og då kom han ihug, kva han hadde gjort. Då bad kongen um eit kveikt kjerteljós og sopa upp i handi si alle spørnone, som han

hadde spikka, og sette logen burt åt og let spørnone brenna i handi si. Av dette kunde dei sjå, at han vilde halda fast Guds lov og bod og ikkje gjera imot det, som han visste rettast var.

Øystein Bjørk.

Nyfrelst.

Med solskin gjennom tåresky stend du der. Store ting hev Herren gjort imot deg. Du kjenner ei underleg glede som Israel eingong, der dei gjekk som drøymande, mest som ein ikkje kann tru seg sjølv — er det verkeleg eg som var den verste av alle, og som var so langt burte? Den fyrste kjærleiken brenn. Det er ein ny ven — den einaste trufaste og aldri sviktande, ein ny framtdagsdag, eit nytt liv med himmelen som den herlege fullending. Du stend der undrande yver at du so lenge kunde motstå dette — «å at eg ikkje kom fyrr», segjer du.

So takk då Gud for at du er komen, for det store fullførte verk i di sjel. Det som solenge var uverkelegt, berre som ein draum der aldri kunde næast, det hev du natt, du eig framtid og von — ei framtid med frelsens frukter. Du er ei grein på vintreet Kristus som skal reinsast for å bera meir frukt. Den greini som ikkje ber frukt skal avhoggast og kastast i elden. Du nyfrelste vert aldri ei slik grein.

Matias Orheim.

Det er ingi byrde, det er bror min.

På ei heimsstemne for misjonen vart det ordskifte um, kor vidt dei nyskipa kyrkjelyder i heidningeland kunde greide å stå på eigne føter.

Ein kristen frå Japan orda då, at det trong dei ikkje um å ottast fyre. Dei innfødde kristne både kunde og vilde taka på seg den byrde som fylgde med å stå på eigne føter.

Og so fortalte han denne soga:

«Ei liti gjente kom gangande og bar på bror sin. Han var tung, og det var godt å sjå, at ho laut taka i alt det ho vann, so ho ikkje skulde sleppa honom.

Ein gav gaum etter dette og sa til gjenta:

«Det er ei tung byrde, du ber på, vesle gjente».

Den vesle såg upp og svara:

«Det er ingi byrde, *det er bror min!*»

«Soleis er det med arbeidet vårt», sa japanaren, «det er ingi byrde, det er noko me elskar».

Bladmannaskulen

gjev upplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

— månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i *Alvøy*, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidergar um saki frå inn- og utland, forteljinger o. a. Styd vanføresa-ki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.
Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bendeungdomslaget, Stavanger

*Matstova, Øvre Holmegt. 20
Kaffistova, Torget 6
Kaffistova, Østervåg 25.*

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

*Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.*

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil.

Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilschrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Arfot's prenteverk — Volda.

Hundrevis kom til Grimstad



Nr. 24.

30. desember 1934.

46. årgangen.

dei hev kjær, hev vore deim ei hjartesorg. Sume hev sine eigne syndfall å syrgja over, og andre hev bore skammi og sorgi over dei openberre og djupe fall av deim, som stod deim nær.

So er der sume av Dykk, som hev lagt frå seg einkvan, som var Dykk kjær. Der er ein tom plass ved bordet, eit tomt rom i heimen, men der er nye graver på kyrkjegården. Kannhenda det er endå tyngre for deim, som ikkje kann gå til ei grav og gråta ut. Kannhenda den du syrgjer over, fekk «kransen av tang og siv», eller vart lagd til ro langt burte i framande land.

Du som upplivde tunge og såre umskifte, til deg sender din far i himmelen dette gode bod: »Eg Herren er ikkje umskift». Mal. 3. «De er borne frå moderliv, og lyfte på hender frå moderfang. Til Dykk alderdom er eg den same, og til dei grå hår skal eg bera». Jes. 46. Til deg, du arme stormdrivne, trøystlause segjer han: «Um fjelli vik og haugane sviktar, so skal ikkje nåden min vika frå deg». Es. 54.

Og du som hev såre minne um sjølvvalde motgangar og fall, hugs: «Jesus Kristus er igår og idag den same, ja til æveleg tid». Hebr. 13. Som han tilgav fyrr, so tilgjev han no, som hans blod gjaldt som soning for all di synd i dei lukkelege dagar, so gjeld det likeins no, når du gjeng med sorg yver å ha vike utor den rette veg. Sjå ordi hans i Tes. 44 og tru: «Eg hev stroke burt din brot som ei skodde, og syndene dine som ei sky. Vend um til meg,

for eg hev løyst deg ut». Og han hev eit ord til deg, du som fall ifrå, i Tes. 57, 15—18. Tak deg denne trøyst til hjarta. Som hans hjartetlag var mot fredlause syndarar for tusund år sidan, slik er det idag og.

Åt sume kom året, som gjekk med gledeleg umskifte. Sume hadde framgang og held i timelege kår og jordisk arbeid. Sume hev skipa heim med Guds velsigning yver seg og sitt. Andre hev havt gleda av borni sine eller andre, som stend deim nær; serleg hev dei grunn til gleda, som hev upplivt at nokon av deira eigne er komne til Gud, kannhenda dei hev fenge svar på bøner, som hev vore sende upp til Gud, gjennom mange, lange år. Og sume hev fenge nåde til å vinna mange for Guds rike.

Tenk etter! Me hev tusund ting og store velgjerningar å takka for.

So hev sume upplivt det største umskifte i seg sjølv, med di dei hev vorte nye skapningar i Kristus. Ja kva tykkjer du, du nyfødde Guds barn? Er ikkje det det største av alt som hev hendlt deg, at du er oppvekt frå daude til liv, at du er umskapa frå ein satans fange til eit sælt Guds barn? Takk han av alt ditt hjarta!

Enno er kannhenda alt so nytt og herlegt for deg. Undrast ikkje um din gamle herre ein dag kjem og krev deg tilbake. Undrast heller ikkje, um ditt eige hjarta gjerne atter vil slå lag med han. Tykkjer du vegen vert vandare enn du tenkte og kjærleiken til Jesus mindre